

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **24. mai 2022** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Svein Terje Brekke (KrF) og Emly Årvik (A)
MØTANDE VARAMEDLEM	Lars Birger Baustad (FrP)
FORFALL:	Marit Hølland Gjedrem (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas Revisor Therese S. Bjørkeland
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Sigurd Eikje Økonomisjef Meike Baumgart Dagleg leiar /brannsjef Dag Botnen, Haugaland brann og redning IKS i sak 10/22
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 9/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.02.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 15.02.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 15.02.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 10/22 ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – HAUGALAND BRANN OG REDNING IKS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tek dagleg leiar/brannsjef Dag Botnen si utgreiing om selskapet Haugaland brann og redning IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Brannsjef Dag Botnen takka for invitasjonen og viste ei presentasjon om selskapet, om status og deira utfordringar med bakgrunn i mediaoppslag og pålegg frå Arbeidstilsyn frå 2016 om stasjonane. Spørsmål blei svara på underveis.

Oppgåvene ligg innan førebygging, kompetansebygging og beredskap. Selskapet er inne i sitt 4. driftsår og per i dag er det 8 eigarkommunar. Etne og Suldal har nyleg valt å trekkje seg ut av samarbeidet. Å få system på plass har tatt lengre tid enn han hadde sett for seg ved oppstart. Pandemien har heller ikkje gjort det lettare å få på plass eins rutinar og eins kultur i organisasjonen. Vedtak i representantskapet har heller ikkje vore i samsvar med aksept/vedtak i den enkelte eigarkommune.

Selskapet drifrar i dag 20 stasjonar, 96 køyretøy og diverse utstyr. På lønningslista er det 320 tilsette, kor 40 er i heiltidsstillingar. Det er oppretta ein eigen logistikkavdeling. Denne var han svært nøgd med. Det er her den største synergieffekten ligg, samt omsynet til HMS for dei tilsette. Dei har sidan oppstart rekruttert 60 nye brannfolk, og dei siste åra utdanna mannskap sjølve. Dette gjer klårt reduserte kostnader. Etter lova er det sett høge krav og mykje sertifisering av dei tilsette. Det vert lagt stor vekt på førebygging gjennom tilsyn og opplæring men årleg er det likevel rundt 1000 utrykkingar eller ca. 2,5 gang dagleg.

Siste frist frå Arbeidstilsynet om godkjente brannstasjonar er sett til september. To stasjonar (Bø og Vormedal) vil bli lagt ned når ny hovudbrannstasjon på Raglamyr står ferdig. Vidare Åkra og Kopervik stasjon, når ny står klår på Vea. Ein mogleg midlertidig løysing når det gjeld dusj/garderobe, er brakker på hjul. Han framheva det gode samarbeidet med styret og deira tillit til hans jobb til å få organisasjonen til å fungere og meinte mediaoppslaga gav eit einseitig bilete av arbeidsmiljøet. Vidare hadde dei eit godt samarbeid med Haugesund brannvesen.

Utvalet hadde spørsmål og kommentarar rundt uroa blant dei tilsette. Han innrømma at handtering av varsel, bekymringsmeldingar frå tilsette og personalsaker var utfordrande, men at dei følgjer reglane i Arbeidsmiljøloven § 2a, og er underlagt teieplikt. I rapport om «Messengersaka» blei det funne brot når det gjaldt å baksnakke i ei lukka sosial gruppe, samt at varselet var spreidd på uforsvarlig vis, medan undersøkingar og forvaltningsrevisjon utført av Arbeidsmiljøspesialistene og KPMG er det ikkje funne brot på lov eller forskrift utover det som er nemnd rundt «Messengersaka», men dei peikar på nokre forbetningsområde som å få felles tilsettingsprosedyrar.

Utvalet meinte selskapet hadde fått eit omdømmeproblem som det bør arbeidast med. Utvalet lurte på om det ville komme fleire utmeldingar og konsekvensar opp mot kostnader for eigarkommunane. Han viste til at Sveio har bestilt utredning om brannordninga, men han meinte at om dagens ordning er dyr, så vil det vere ennå dyrare å stå aleine.

Utvalsleiar takka for ein open, ærleg og god orientering.

Han viste til at etableringa selskapet var gjort for å imøtekomme dei lovkrav som var sett til kompetanse, responstid osv., og han håpte at kontrollutvalet kunne bidra til at selskapet kunne lykkast med deira arbeid.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22:

Tysvær kontrollutval tek dagleg leiar/brannsjef Dag Botnen si utgreiing om selskapet Haugaland brann og redning IKS til orientering.

SAK 11/22 REVISOR SITT BREV NR 1 – REVISJON AV PROSJEKT-REKNESKAP MED NEGATIVT/MODIFISERT KONKLUSJON

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 1, dagsett 09.03.22 frå Rogland Revisjon IKS om revisjon av prosjektrekneskap knytta til prosjekta «Fortellerglede» og «Vinduslykke» i samarbeid med Haugesund Røde Kors og revisor si gjennomgang til orientering.

Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 1 innan 01.09.22.

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Utvalsleiar innleia. Rådmannen opna med å seie at han vil at kommunen skal vere open, drivast skikkeleg og ryddig, og at dette var noko han ikkje likte og ville ta tak i.

Revisor opplyste at det var fyrste gong at han hadde levert negativ erklæring, men at det her dreidde seg om uklære timelister, fiktiv faktura osv. Tysvær kommune var ansvarleg for tilskotet sjølv om prosjekta var blitt sett burt til Røde Kors.

Utvalsleiar viste til at rådmannen vil komme tilbake til saka i september. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 1, dagsett 09.03.22 frå Rogland Revisjon IKS om revisjon av prosjektrekneskap knytta til prosjekta «Fortellerglede» og «Vinduslykke» i samarbeid med Haugesund Røde Kors og revisor si gjennomgang til orientering.

Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sitt brev nr 1 innan 01.09.22.

SAK 12/22 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021 – TYSVÆR KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsmelding 2021 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Utvalsleiar innleia og uttrykte at han hadde hatt stor nytte av revisor sitt årsoppgjersnotat.

Revisjonsdirektør Rune Haukaas opna med at dette var det fyrste året dei gav si revisjonsmelding og at dei hadde hatt ein veldig god dialog med administrasjonen i løpet av året og med opne diskusjonar.

Han orienterte så om årsresultatet og kommunen sin økonomiske situasjon og om revisjonen sitt arbeid. Han gjorde greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisor hadde nokre framlegg til forbetringpunkter som blei gjennomgått. Avstemming og samarbeid mellom sektorene knytte opp til vedtak og økonomi kan med fordel bli betre.

Rådmannen viste til at skifte av revisor hadde vore krevjande, men at dei hadde fått gode råd knytte til forbetringar. Der det var gjort feil, var det blitt retta.

Utvalsleiar takka for ein god oppsummering og den viste at rekneskapen er funnen i orden. Også andre slutta seg til å gje skryt til revisor for hans presentasjon.

Utvalet hadde ingen merknader, og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22 og innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtek vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021 slik den ligg føre:

Tysvær kommune har i 2021 eit positivt driftsresultat med 91,8 mill. kr, som utgjer 7,5 % av driftsinntektene. Det er øve resultat enn i fjor som var på 6,9 %. Resultatet er godt øve teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2021, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2021 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2021 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.21.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 24-5.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet, samt revisors orientering om årsoppgjeret og revisjonsmeldinga, har ikkje kontrollutvalet merknader til årsrekneskapen til Tysvær kommune for 2021.

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

SAK 13/22 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVATNINGA 2021

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale, dagsett 22.04.22 frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2021 og revisor si gjennomgang til orientering.

Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.22.

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Oppdragsansvarleg revisor Rune Haukaas orienterte om kontrollen av anskaffingsregelverket som revisjonen hadde utført. I stikkprøvekontrollen var det ingen avvik på anskaffingar over kr 1,3 mill., men 4 av 6 avvik på anskaffingar mellom kr 100.000 og kr 1,3 mill. Revisjonen hadde difor gitt ein negativ konklusjon på uttalen. Revisor meinte at dette indikerer at kommunen ikkje har heilt tilfredsstillande rutinar på dette området.

Revisor og rådmann meinte det blei jobba godt innan feltet, men at det er mogeleg å bli ennå betre, Det er viktig at dersom det vert gjort unnatak av regelverk, at det ligg føre dokumentasjon.

Utvalet stetta framlegget om å få ei tilbakemelding i septembermøtet, om korleis administrasjonen har følgjer opp revisor sin kontroll.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale, dagsett 22.04.22 frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2021 og revisor si gjennomgang til orientering.

Tysvær kontrollutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.22.

SAK 14/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 24.05.22

20. Statusrapport pr. mai 2022
21. Komm.styrevedtak 29.03.22, sak 11/22 – Årsmelding 2021 tysvær kontrollutval
22. Komm.styrevedtak 29.03.22, sak 14/22 – Kvalitetssikring av plan- og byggesaks-handsaminga
23. Komm.styrevedtak 29.03.22, sak 15/22 – Bruk av fjernmøte – Kontrollutvalet si oversending
24. Medlemsinfo fra FKT - mars 2022
25. Representantskapsmøte 20.04.22 kl. 10.00– IKA Rogaland IKS
26. Repr.skapsmøte 22.04.22 – Haugaland brann og redning IKS
27. Repr.skapsmøte 25.04.22 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
28. Repr.skapsmøte 29.04.22 – Haugaland Vekst IKS (Teams)
29. Generalforsamling 29.04.22 – Haugaland Kraft AS
30. Representantskapsmøte 25.05.22 – HIM IKS
31. Kommunal Rapport 10.03.22 «Om å måle kommunens bærekraft»
32. Kommunal Rapport 22.04.22- «Om årsmelding 2021 fra Sivilombudet»
33. KMD si organisasjonsdatabase - «Kontrollutvala har fått meir å gjere»

Handsaming i kontrollutvalet 24.05.22:

Utvalet hadde ikkje merknader.

Nestleiar Karsten A. Larsen opplyste at han er påmeldt til FKT sin konferanse 08.-09.06.22 på Kløfta. Seniorrådgjevar og ein frå Sveio, Etne og Vindafjord kontrollutval er også påmeldt.

Utvalet stetta sekretær sitt framlegg om at møtet etter møteplan i juni blei avlyst, då det ikkje var saker til møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 24.05.22:

Referatsakene nr 20 – 33 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval sitt møte 21. juni etter vedtatt møteplan for 2022 vert avlyst.

Eventuelt

Ingen saker ble meldt eller tatt opp.

Neste møte: tysdag **13. september** 2022, kl. 18.00

Saker: Orientering om selskapet Aksdal Næringspark AS, tilbakemelding på revisor sitt nummererte brev nr 1, tilbakemelding om etterlevingskontrollen 2021, revisor si eigenerklæring for 2022, budsjett for kommunens kontrollarbeid 2023

Aksdal, 24. mai 2022

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær